

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0110	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tettstadforming 2015			
<b>Prosjektnavn</b>	Lyspunkt i Naustdal sentrum			

### Kort beskrivelse

Vi vil setje lys på historiene i Naustdal sentrum, og gjere innbyggjarane og besøkande medvitne om kvalitetane vi har kring oss. Markeringar i landskap skal skape samanhengar, gje oppleving, bidra til tryggleik og til at den positive utviklinga vi har fortset.

Lyspunkta vert sett i samanheng med arbeidet med Ambassade for KjARTanistan, lokal kulturminneplan og utvikling av kulturløype rundt Naustdal sentrum, samt oppfølging av kartlegginga Sentrumsnære turveggar, 2013.

### Prosjektbeskrivelse

Gjennom historieforteljing vert fortida tolka og framtida forma. Historieforteljing kan skje i alle kanalar, og i fleire former. Gode historier gjev oppleving og er lette å hugse, anten det er historiske, personlege, politiske eller kulturelle historier.

I samband med Kommunedelplan for Naustdal sentrum 2010-2021 vart det gjort eit muligheitsstudium av kommunesenteret, metoden Urbane rykte vart nytta (Nordplan, 2007). Studiet trekker fram viktige verdiar: fossen, elva, Sanden fjorden og fjella, og skildrar felt som bør styrkast for å auke attraktivitet og tydeleggjere det vi har.

Nye, digitale medium og produksjonsteknikkar legg til rette for nye måtar å oppleve, uttrykke og forstå historier. Historier som tidlegare var individuelle kan vi no dele, og felles historier vert skapt.

Dette vil vi freiste å dra nytte av i utviklinga av kulturløype.

Samtidig ynskjer vi å markere kva vi har, kva Naustdal sentrum har vore og skape refleksjon kring kva stad dette kan bli gjennom å lyssetje utvalde arenaer i sentrum.

Staden må definere kva som skal setjast lys på og korleis det skal gjennomførast, det er difor behov for å prosjektere tiltaka. Løysingar for dei ulike lyspunkta må teiknast, skildrast, bereknast og prøvast ut 1:1.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Naustdal kommune Org.nr:963923899	Tunavegen 6 6806 NAUSTDAL	-
<b>Kontakt- person</b>	Ann Lisbeth Lesto	Tunavegen 6 6806 NAUSTDAL	41303864
<b>Prosjekt-</b>	Ann Lisbeth Lesto	Tunavegen 6	41303864

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
leder		6806 NAUSTDAL	

**Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja**

Gjennomføring vil vere nær knytt til andre prosjekt som er delfinansiert av tilskotsmidlar: Ambassade for Kjartanistan. Uteområder Lunden barnehage og Naustdal barne- og ungdomsskule: kule: 1,5 millionar Norsk kulturråd, 100.000 Kulturutviklingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kommunedelplan for kulturminner, kulturløyper: 100.000,- Riksantikvaren, 50.000 Sogn og Fjordane fylkeskommune. Naustdal kommune bidreg med eigeninnsats og eigenkapital i begge prosjekta.

**Spesifikasjon****Bakgrunn**

I Naustdal er kultur ei grunnleggande drivkraft og endringsfaktor i samfunnsutviklinga. Visjonen til vår er «med kultur for utvikling»: vi nyttar kultur for å skape utvikling, samstundes som vi i samhandling er opne for nye tankar og tilnærmingar noko som igjen gjev utvikling. Inspirert av to spydspissar i norsk kunstliv, Vevringutstillinga og Kjartan Slettebreen, peikar planverket til kommunen ut samtidskunst som ei viktig satsing i utviklingsarbeidet. Vi trur på at undring kan endre.

Dei siste åra har vi opplevd stor energi og vilje til å satse i kommunen vår. Frivillige og kulturbasert næring i kommunen har tatt initiativ til, og gjennomført, prosjekt som fremjar attraktive lokalsamfunn. Turstiar vert merka, skulpturar kjem til, kulturminne vert registrert, tilbod vert etablert og kommunen arbeider målretta med fysisk og kulturell planlegging.

**Prosjekt mål**

Vi skal:

gjere innbyggjarane medvitne om kommunen vår sine kvalitetar, og slik skape framtidstru og leggje eggje til rette for ei positiv utvikling.

- skape samanhengar mellom uterom
- gje oppleving
- bidra til tryggleik

**Forankring**

- Urbane rykter, innspel til kommunedelplan for Naustdal sentrum, Nordplan 2008
- Kommunedelplan for Naustdal sentrum 2010-2021
- Stadanalyse Sanden, rapport Nordplan 2012 og Kommunestyre-sak 37/12.
- Kommunedelplan for kultur 2012-2015 – med fokus på samtidskunst og næring inneheld mål om å realisere Ambassade for Kjartanistan innan 2017, utvikling av kulturløyper, og gjennomføring av tiltak i Stadanalyse Sanden.
- Sentrumsnære turvegar, rapport Asplan viak 2013
- Naustdal er folkehelsekommune. Handlingsprogrammet for 2015 slår fast at vi skal skape gode vilkår for helse og trivsel, samt vere pro-aktiv i høve tidleg innsats og førebyggjande arbeid.
- Kommunedelplan for kulturminner 2015-2027, planarbeid 2015

**Prosjektorganisering**

Kulturleiar i Naustdal kommune vil leie arbeidet. Samarbeid med frivillige og næringsliv vert etablert som del av prosjekteringa.

Gjennomføring vil vere nær knytt til andre prosjekt

- Ambassade for Kjaristan. Uteområder Lunden barnehage og Naustdal barne- og ungdomsskule.
- Kommunedelplan for kulturminner, kulturløyper.

Naustdal kommune bidreg med eigeninnsats og eigenkapital i begge prosjekta.

### **Samarbeidspartnere**

Aktørar som Sandens Venner, barn, unge og tilsette i skule og barnehage, Kunst på tvers, Naustdal Sogelag, styret i Øyra Løken nærmiljøanlegg og Naustdal Pensjonistlag er aktuelle samarbeidspartnarar.

Det er også naturleg å involvere næringsaktørane Coop, Naustdal bensin og service, Atle Helle as m.fl. som har interesser direkte knytt til areal med lyspunkt.

### **Aktivitetar**

I samband med Stadanalyse Tusenårsstaden Sanden (Nordplan, 2012) vart rollefordeling mellom aktivitetsområda i Naustdal sentrum skildra (sak 37/12):

«Friluftsområdet Sanden og dei næraste områda sør for fv. 611 må sjåast i samanheng med andre aktivitetsområde i Naustdal sentrum: Øyra/Løken nærmiljøanlegg og området kring Naustdal barne og ungdomsskule med idrettshallen og –bana.

Sanden er eit regionalt område som skal vere tilgjengeleg for alle. Saman med Kommuneparken og båthamna er dette Naustdal sin fjordfront, eit område der Naustdal kommune presenterer seg og livet ved fjorden: bading, båtliv og fiske.

Den samla plasseringa av Naustdal barne- og ungdomsskule, idrettshallen, idrettsbana og barnehagane i sentrum gjer dette til eit tyngdepunkt for organisert aktivitet. Her er det tilrettelagt for ballsport utandørs, ballsport, friidrett, vektlyfting m.m. innandørs, og det vert arbeid for tilrettelegging for friidrett utandørs.

Øyra Løken nærmiljøanlegg er under utvikling og vil bli eit område for uorganisert fysisk aktivitet for ungdom frå heile byggefeltet (og sentrum).»

Ambassade for Kjaristan er eit viktig utviklingsarbeid i Naustdal. Kommunen jobbar for å gjere kunst til ein meir aktiv del av kvardagen, og vil gjere viktige kvardagsarenaer som skule og barnehage til leikande kunstlandskap, med Kjaristan som rammeverk og invitasjon til innleving og medskaping i eige samfunn/liv.

I 2013 starta Naustdal kommune rehabilitering av Naustdal barne- og ungdomsskule (NBU) og Lunden barnehage. Naustdal kommune samarbeider med sivilarkitekt Bjørn-Are Vollstad, han er invitert inn i prosessane, som praktisk utprøving av rolla undring kan/bør ha i utviklingsarbeid. Dei foreløpige resultatane av desse utprøvingane ligg vedlagt som samanhengande, men sjølvstendige prosjekt: Undrelunden barnehage og NBUndring.

I samband med utviding av Lunden barnehage samarbeider Naustdal kommune med Statens vegvesen om å legge om trafikksituasjonen i kryss og til/frå busstopp. Innbyggjarane sin bruk av undergang under Rv 5 (mellom gamle Naustdal og Lunden barnehage) må aukast. Kan undergangen bli ein undregang?

Bananøya i Tusenårsstaden Sanden er eit sentralt punkt i Naustdal sentrum. Øya er utan lyssetjing, noko som avgrensar bruk delar av året og kan gje redusert tryggleik nær fjorden. Skulpturane «Budeie med Kjartanrosen» og «Kyra» skal også lyssetjast i eit fellesprosjekt.

Berrelvbrua, gamle Naustdal bru og nye Naustdal bru bind saman sentrum som er delt av elvene Nausta og Berrelva. Berrelvbrua og gamle Naustdal bru er begge kring 100 år, og omgitt av historier frå gamal og nyare tid. Nyebrua er eit farleg punkt i Naustdal sentrum. Rapport etter kartlegginga Sentrumsnære turvegar (Asplan Viak, 2013) framhevar kryss og manglande lyssetjing ved brua.

I tillegg til dette opnar andre utviklingsprosjekt i Naustdal sentrum for fleire og nye koplingar:

- I Kommuneparken vert det bygd ny daglegvarebutikk, med gras på taket.
- På areal mellom Rv 5 og Coop Marked vert det planlagt utbygging av frisksenter.
- Naustdal alders- og sjukeheim utvidar og endrar uteområdet, sansehage er lagt inn i planane.

Vil desse prosjekta gje oss nye lyspunkt i Naustdal sentrum?

### **Målgrupper**

Barn og unge er Naustdal sin største ressurs for framtida, og kommunen har tverrfagleg fokus på godt oppvekstmiljø. Over fleire år har ein sikra eit stabilt tilbod i ungdomsklubben og arbeider målretta for betre læringsmiljø, mobbeførebygging og tidleg hjelp til barn i risiko. Vidare er barn og unge hovudmålgruppe for arbeidet med samtidskunst, både som utøvarar og publikum. Og ein ser på korleis skule, barnehage og frivillige organisasjonar kan arbeide saman for å sikre trygt lokalsamfunn og gode rollemodellar både i skule- og fritid.

Fokuset på tverrfagleg samhandling er stort i kommunen vår, og dei ulike ansvarsområda har fleire treffpunkt og fellesprosjekt. Vi jobbar i spennet bygdekultur-samtidskunst og meiner at å utfordre spenningane i kulturomgrepa kan utløyse energi og fremje utvikling.

### **Resultat**

Vi ynskjer å markere kva vi har, kva Naustdal sentrum har vore og skape refleksjon kring kva stad dette kan bli gjennom å lyssetje utvalde arenaer i sentrum.

Staden må definere kva som skal setjast lys på og korleis det skal gjennomførast, det er difor behov for å prosjektere tiltaka. Løysingar for dei ulike lyspunkt må teiknast, skildrast, bereknast og prøvast ut 1:1.

### **Effekter**

gjere innbyggjarane medvitne om kommunen vår sine kvalitetar, og slik skape framtidstru og leggje eggje til rette for ei positiv utvikling.

- skape samanhengar mellom uterom
- gje oppleving
- bidra til tryggleik

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Fase 1 – skildring av bruk og behov i samspel med frivilligliv og næringsliv

- Særpreg og utfordringar i dagens situasjon

- Kva skal løysast?
- Kva skal forteljast om?
- Kva skal opplevast?

Fase 2 – teikning og berekning

- Visualisering av lyspunkta
- Detaljplanlegging løysingar

Fase 3 – utprøving og utføring 1:1

- Gjennomføring av planlagde løysingar. Om det syner seg mogleg i prosjekteringa vil fase 3 resultere i varig, synleggjorde lyspunkt.

Framdrift

Haust 2015 – fase 1: skildring av bruk og behov.

Vinter 2015/2016 – Fase 2: teikning og berekning.

Vår 2016 – Fase 3: utprøving og utføring.

#### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Innkjøp lyskjelder	100 000	100 000				200 000
Konsulent lys/design	75 000	25 000				100 000
Koordinering / gjennomføring	50 000	50 000				100 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>225 000</b>	<b>175 000</b>				<b>400 000</b>

#### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Eigenandel Naustdal kommune	50 000	50 000				100 000
Tettstadforming 2015	300 000					300 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>350 000</b>	<b>50 000</b>				<b>400 000</b>


#### Geografi

1433-Naustdal

#### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
ideskisser_lyspunkt.pdf	1 896 262	01.06.2015
kart_lyspunkt.pdf	165 356	01.06.2015
prosjektskildring_Ambassade_Kjartanistan_Naustdal.pdf	1 113 327	01.06.2015
Prosjektskildring_Lyspunkt_Naustdal_sentrum_Tettstadforming.pdf	509 326	01.06.2015






**Hovedarealer:**  
 Lunden barnehage m. undergang  
 Rv 5  
 Naustdal barne- og ungdomsskule  
 Tusenårsstaden Sanden  
 Øyra Løken Nærmiljøanlegg

**Bruer:**  
 Gamle Naustdal bru  
 Berrelvbrua  
 Nye Naustdal bru

**Andre utviklingsareal:**  
 Frisksenter  
 Kommuneparken  
 Naustdal alders- og sjukeheim





## Idèskisse potensiale

Hovudarenaer:



**Lunden barnehage m. undergang**

**Rv 5**




Naustdal barne- og ungdomsskule

Tusenårsstaden Sanden

Øyra Løken Nærmiljøanlegg



**Idèskisse potensiale**  
Bruer:  
**Gamle Naustdal bru**  
Berrelvbrua  
**Nye Naustdal bru**



## PROSJEKTSKILDRING

### *Ambassade for Kjørtanistan i Naustdal*

#### Skildring / samandrag:

kunst  
kunstverk  
kunstverknad  
kunstmedverknad

Ambassade for Kjørtanistan er éin av 5 vinnarar i Norsk Kulturråd sin idékonkurransse for Kunstarena for barn og unge i 2011. Ambassaden vikkast no vidare ut som naustdalsk-kjørtanistansk særigeignART. Naustdal kommune og Det Kjørtanistanske Diplomati driv alternativ arenautvikling - Ambassade for Kjørtanistan som underleg og uberekneleg infrastrukur for ein aktiv undringskultur. Kvardagsarenaer, som skule og barnehage, som levande kunstlandSKAP.

Vi må halde liv i drømmekrafta!

"Du må skape deg sjølv for å kjenne deg sjølv!"

"Kunsten er i alt, men alt er ikkje kunst!"

"Ta imot kunstens velsignelse!"

"Pass på kunsthelse di!"

"Det er kosmisk!"

- Kjørtan

#### Kunstnarleg / kulturell / fagleg målsetjing:

Det Kjørtanistanske Diplomati og Naustdal kommune ønskjer å vidareutvikle Ambassade for Kjørtanistan som eit kunstverk, ein kunstverknad, og ein kunstmedverknad - som eit samfunnsutviklingsprosjekt som held undringa i live hos flest muleg mennesker. Undring endrar. Ein infrastrukur for utvikling av ein aktiv undringskultur. Ein organisme, ei rørsle, ein måte å tenke på - ei oppfordring til å nytte både dømme- og drømmekrafta. Ei innleving i dei mulegheitene som fins, og kontinuerleg fri utleving av seg sjølv. Det er viktig å vise barn og unge at "vaksenlivet" óg innebærer undring og leik, og at dette er vesentleg i menneskekulturen - heilt sentralt i det vi finn saman, samfunnet.

#### Prosjektframstilling:

##### KUNST I SAMFUNNSUTVIKLING - SAMANHENG

Naustdal kommune vil realisere ein Ambassade for Kjørtanistan innan 2017.

Gjennom å vekke undring ønskjer kommunen å skape endring. Inspirert av to spydspissar i norsk kunstliv, Kjørtan Slettemark og Vevringutstillinga, er samtidskunst ei viktig drivkraft i utviklingsarbeidet.

Barn og unge er Naustdal sin største ressurs for framtida, og kommunen har tverrfagleg fokus på godt oppvekstmiljø. Over fleire år har ein sikra eit stabilt tilbod i ungdomsklubben og arbeider målretta for betre læringsmiljø, mobbeførebygging og tidleg hjelp til barn i risiko. Vidare er barn og unge hovudmålgruppe for arbeidet med samtidskunst, både som utøvarar og publikum. Og ein ser på korleis skule, barnehage og frivillige organisasjonar kan arbeide saman for å sikre trygt lokalsamfunn og gode rollemodellar både i skule- og fritid.

Ambassade for Kjørtanistan er eit viktig utviklingsarbeid i Naustdal. Kommunen jobbar for å gjere kunst til ein meir aktiv del av kvardagen, og vil gjere viktige kvardagsarenaer som skule og barnehage til leikande kunstlandskap, med Kjørtanistan som rammeverk og invitasjon til innleving og medskaping i eige samfunn/liv.

## GRUNNEN BAK

Kjartanistan er ein grenselaus stat / stas grunnlagt av KJARTan, med mottoet:  
Evil Heart Fears Art

"Det är jo redan en revolution det här, vad ni holder på med! ... Hur reagerar folk på det " undra KJARTan seg, då han fekk presentert ambassadeplanane i Stockholm våren 2008. Slettemark døydde 13. desember 2008, like etter Luciatogget på sjukehuset. Det Kjartanistanske Diplomati (DKD) har sidan jobba aktivt for å organisere eit vedvarande Ambassadeskap for Kjartanistan i Naustdal i Sogn og Fjordane.

I 2010 vart ambassadeskissene implementert i kommuneplanverket som eit forunderleg (og) konkret eksempel på kva eit senter til ære for Slettemark kunne være - eit kosmisk kulturlandskap med kunstneriske tilbøyelegheiter.

I 2011 vart Ambassade for Kjartanistan éin av 5 vinnarar i Idékonkurransen Kunstarena for barn og unge. DKD overrekte ifm. SlettemarkART-festivalen kunstforsterkaren Ampen - ei mobil kunstføddestove - til ungdomsklubben Rampen i Naustdal.

I 2012 starta DKD arbeidet med eit STASbudsjett for Naustdal og Kjartanistan. På oppdrag frå Naustdal kommune vart det gjennomført eit mulegheitsstudium som første strategiske steg mot realiseringa av eit kjartanistansk Ambassadeskap, der mellom anna møter med Karin og Marie Grönlund (budde og jobba med KJARTan i mange år) i Stockholm og Norsk Kulturråd v/Engelsen og von der Lippe vart gjennomført.

## KVARDAGSARENA SOM KUNSTARENA - SAMANHENG

I tråd med råd og idéar frå mulegheitsstudiet viklast no Ambassadeplanane vidare ut, som alternativ arenautvikling; ein underleg og uberekneleg infraARTstruktur som utfordrar og servar skaparkrafta. Eit kunstnett sidestilt i med vass- og avløps-, elektrisitet-, og vegnett. Ein organisk-mekanisk, mental og fysisk, kunstarena for dyrking av ein aktiv undringskultur over tid, naturleg inkluderande. Eit naustdalsk-kjartanistansk samskappingsprosjekt.

Samfunnet er det vi finn saman.  
Kulturen er menneskenaturen.  
Dømme- og drømmekrafta ...

Det Kjartanistanske Diplomati (DKD) tilrår Naustdal kommune å ikkje realisere Domus Kjartania slik det står fram i idéprosjektet frå 2008. Tankane og ideane er med vidare i arbeidet, men ein alternativ strategi vert foreslått, der ønsket er å skape meirverdi og flyt i realiseringa av eit Ambassadeskap for Kjartanistan gjennom å invitere til å integrere dei ulike delane av Ambassadeprogrammet inn i lokalsamfunnet, inn i kvardagen, på viktige arenaer for barn og unge, som skular og barnehagar, der det allereie er behov for og ønsker om å investere, og der ein allereie har ei drift og ein struktur å bygge vidare på, der ein kan invitere undringsevna inn for å finne ut kva for særeigen meirverdi eit Ambassadebidrag kunne skape ultralokalt.

Ambassadefunksjonane blir kjartanistanske frø i naustdalsk jord ... og veks fram som naustdalsk-kjartanistansk særeigenART.

Det er viktigare å først skape grobotn for eit levande og underleg og bredt Ambassadeskap, enn å raskast råd realisere eit krevande bygg, for så å satse på at Ambassadeskapet kjem opp å stå. Ein kan ikkje ferdigstille Kjartanistan. Kjartanistan treng menneska. KJARTan ønskte forøvrig ikkje noko mausoleum over seg sjølv, han tenkte ustøppeleg på menneska rundt seg og kunsthelsa deira. Han var ein kunsthelsearbeidar.

## UNDRING I KVARDAGEN - PROSJEKT

I 2013 starta Naustdal kommune rehabilitering av to viktige kvardagsarenaer: Naustdal barne- og ungdomsskule (NBU) og Lunden barnehage. I begge prosessane har Det Kjartanistanske Diplomati (DKD) blitt invitert inn, som praktisk utprøving av konklusjonen frå det naustdalsk-kjartanistanske mulegheitsstudiet / STASbudsjettet. Dei foreløpige resultatane av desse utprøvingane ligg vedlagt som samanhengande, men sjølvstendige prosjekt:

1. Undrelunden barnehage (sjå vedlegg)

Lunden barnehage vil bli ein kunstbarnehage. DKD deltok på møter med personalet og prosjekteringsgruppa. Arkitekten lot seg inspirere og snudde uventa påbygget opp ned. DKD søkte meirverdiART og skisserte ein BODIESskog med puddelpodium for tidleg samfunnsklattring under det prosjekterte opp-ned-bygget, som ein direkte konsekvens av arkitektens etablerte søylestruktur. Stålsøylene blei BODIES som bærer nybygget; som løfter det opp for å gi rom for ein ny naustdalsk-kjartanistansk kunstarena, både permanent installasjon og aktiv kvardagsarena, som del av ein veksande undringskultur.

Det er ønskeleg å innvie BODIESskogen med ein kunst-verk-stad med Karin og Marie Grönlund saman med barna og dei tilsette, gjennom ei konstbesprutning / velsigning.

Det diplomatiske bidraget til Undrelunden innebærer også at ein etablerer kunstfelt på uteområdet (sjå vedlegg), som utviklast over tid, der ein i stor grad nyttar organisk materiale, eller jobbar med gjenbruk. Det har blitt rydda skog som ein ønskjer å bruke til å lage ein gapahuk / eit Undringsnaust, samt fantasifigurar og installasjonar for leik og undring. Det er også sett av eit stor felt til romleg og skulpturalt arbeid med levande pil.

## 2. NBUndring (sjå vedlegg)

Ifm. rehabilitering av NBU har DKD blitt tilbuddt ein glasfibersilo frå ein nabogard, som måler 6 m i diameter, og høgde på nesten 8 m. Gjenbruksaspektet er vesentleg; magien i å gi noko nytt liv, det uventa resultatet. Koblinga mellom tilfeldigheter, spontane idéar, valg og handlekraft synleggjer mulegheiter som ein til eikvar tid har. Evna til å undre seg gir lyst til å lære / være.

Den Kosmiske Siloen er på idéstadiet, og tenkast som ein kunstverkstad, for utstillingar, performance, stunts. Utomhusplanen som alt er utarbeida ifm. rehabiliteringa av NBU, har rom for siloprojektet.

## FASAR

Undrelunden- og NBUndring-prosjektet er i ulike fasar. Undrelunden kan realiserast allereie no (2014-1015), mens NBUndring er under planlegging konseptuelt, og kan tidlegast stå ferdig i 2017. Det har vore eit naturleg fokus på utomhusplanlegging i begge prosjekta, då dette er det mest tilgjengeleg arealet for flest.

## ORGANISERING

Vedrørende utvikling av kompetanse og innhald til arenaene så vil Kulturleiar Ann Lisbeth Lesto i Naustdal kommune være bindeleddet til forvaltningsapparatet. Politikerar og byråkratar i Naustdal har utarbeidd eit godt kulturplanverk, og har målsetning om realisering av ein Ambassade for Kjartanistan innan 2017.

Det Kjartanistanske Diplomati ved Bjørn-Are Vollstad og Andreas Fadum Haugstad m.fl. vil også framover være aktive medskaparar av det naustdalsk-kjartanistanske Ambassadorskapet. Ellers er også målet at skapelsesprosessane ikkje berre skjer med utgangspunkt i ytre stimuli og initiativ, men at også skule- og barnehagekvardagen pregast av eit ønskje om å bruke dei naustdalsk-kjartanistanske fasilitetane.

Viser ellers til vedlegg Naustdal kommune og Det Kjartanistanske Diplomati.

## Formidling / visning / framføring:

Ein Ambassade for Kjartanistan i Naustdal vil lette og utvide overgangen mellom det naustdalske og det kjartanistanske, som ein grunnleggande positiv og forunderleg fellesskapnad.

Slik KJARTan var åpen og undrande, og levde i og som kunst, så må eit Ambassadorskap for Kjartanistan, som organisme, også (få) leve slik. Kjartanistan kan slik nyttast som eit kvardagsfrittom, ein alltid tilgjengeleg unntakstilstand. Ein kunsttilstand. A state of ART.

Den virkande krafta i eit kjartanistansk ambassadorskap kan seiast å være ei omfattande, vedvarande og gjensidig resirkulering av kvar enkelt si og samfunnets samla skaparkraft, gjennom undring og (u)medviten endring. Ei aktiv kraft i samfunnsutviklinga, med kunsten som utgangspunkt, som ein form for akupunktur, eventuelt ARTupunktur. Ein katalysator, undrings- og endringsagent, som strekker seg etter å stadig vidareutvikle perspektivet på livet vi lever, vrenge verdensbilder, gjennom å hevde undringa og leiken sin eigenverdi - skaparkrafta som muleg utgangspunkt og meining.

Å skape i praksis kan være å innta rolla som Askeladden. Det handlar om å leve ut eit potensial ein ikkje kjenner, ikkje alltid vite kva eller kvar ein skal, og der skapinga i seg sjølv er det vesentlege. Likefullt vil det ein skapar kunne være fundamentet for neste skapnad / skaping, og slik inngå i ein kontinuerleg raffineringssprosess.

"Du må skape deg sjølv for å kjenne deg sjølv!" - KjARTan

### Prosjektperiode:

Prosjektperioden er sett med utgangspunkt i rehabiliteringsprosessane sine forløp, og målsetninga til Naustdal kommune om å etablere ein Ambassade for Kjartanistan innan utløpet av 2017. Av hensyn til at rehabiliteringsprosessane er pågåande og endringar kan inntreffe er det vanskeleg å oppgi eksakte tidspunkt. Prosessen med Lunden barnehage er meir føreseieleg enn Naustdal barne- og ungdomsskule som er meir kompleks. Kunstvelsigning finn stad så snart som råd!

## Lyspunkt i Naustdal sentrum

Vi vil setje lys på historiene i Naustdal sentrum, og gjere innbyggjarane og besøkande medvitne om kvalitetane vi har kring oss. Markeringar i landskap skal skape samanhengar, gje oppleving, bidra til tryggleik og til at den positive utviklinga vi har fortset.

Lyspunktta vert sett i samanheng med arbeidet med Ambassade for KjARTanistan, lokal kulturminneplan og utvikling av kulturløype rundt Naustdal sentrum, samt oppfølging av kartlegginga *Sentrumsnære turvegar* som Naustdal kommune tok del i i 2013.

Vi søkjer 300.000 kroner til prosjektering og utprøving av «Lyspunkt i Naustdal sentrum».

### Prosjekt - *identitet, landskap og formidling*

Gjennom historieforteljing vert fortida tolka og framtida forma. Historieforteljing kan skje i alle kanalar, og i fleire former. Gode historier gjev oppleving og er lette å hugse, anten det er historiske, personlege, politiske eller kulturelle historier.

I samband med *Kommunedelplan for Naustdal sentrum 2010-2021* vart det gjort eit muligheitsstudium av kommunesenteret, metoden Urbane rykte vart nytta (Nordplan, 2007). Studiet trekker fram viktige verdiar: fossen, elva, Sanden fjorden og fjella, og skildrar felt som bør styrkast for å auke attraktivitet og tydeleggjere det vi har.

Nye, digitale medium og produksjonsteknikkar legg til rette for nye måtar å oppleve, uttrykke og forstå historier. Historier som tidlegare var individuelle kan vi no dele, og felles historier vert skapt. Dette vil vi freiste å dra nytte av i utviklinga av kulturløype.

Samtidig ynskjer vi å markere kva vi har, kva Naustdal sentrum har vore og skape refleksjon kring kva stad dette kan bli gjennom å lyssetje utvalde arenaer i sentrum.

Staden må definere kva som skal setjast lys på og korleis det skal gjennomførast, det er difor behov for å prosjektere tiltaka. Løysingar for dei ulike lyspunktta må teiknast, skildrast, bereknast og prøvast ut 1:1.

### Samanheng og målgruppe

I Naustdal er kultur ei grunnleggande drivkraft og endringsfaktor i samfunnsutviklinga. Visjonen til vår er «med kultur for utvikling»: vi nyttar kultur for å skape utvikling, samstundes som vi i samhandling er opne for nye tankar og tilnærmingar noko som igjen gjev utvikling.

Inspirert av to spydspissar i norsk kunstliv, Vevringutstillinga og Kjartan Slettemark, peikar planverket til kommunen ut samtidskunst som ei viktig satsing i utviklingsarbeidet. Vi trur på at undring kan endre.

Dei siste åra har vi opplevd stor energi og vilje til å satse i kommunen vår. Frivillige og kulturbasert næring i kommunen har tatt initiativ til, og gjennomført, prosjekt som fremjar attraktive lokalsamfunn. Turstiar vert merka, skulpturar kjem til, kulturminne vert registrert, tilbod vert etablert og kommunen arbeider målretta med fysisk og kulturell planlegging.

Barn og unge er Naustdal sin største ressurs for framtida, og kommunen har tverrfagleg fokus på godt oppvekstmiljø. Over fleire år har ein sikra eit stabilt tilbod i ungdomsklubben og arbeider målretta for betre læringsmiljø, mobbeførebygging og tidleg hjelp til barn i risiko. Vidare er barn og unge hovudmålgruppe for arbeidet med samtidskunst, både som utøvarar og publikum. Og

ein ser på korleis skule, barnehage og frivillige organisasjonar kan arbeide saman for å sikre trygt lokalsamfunn og gode rollemodellar både i skule- og fritid.

Fokuset på tverrfagleg samhandling er stort i kommunen vår, og dei ulike ansvarsområda har fleire treffpunkt og fellesprosjekt. Vi jobbar i spennet bygdekultur-samtidskunst og meiner at å utfordre spenningane i kulturomgrepa kan utløyse energi og fremje utvikling.

### Landskap

I tråd med Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane og Sunnfjord næringsutvikling (SNU) sin reiselivsstrategi 2013 ynskjer Naustdal kommune å legge til rette for vandring. Naturen er fylket sin hovudressurs, og Naustdal er ei vidstrakt kommune med ein variasjon, både i natur og kultur, som er ein stor ressurs for kommunen.

Tusenårsstaden Sanden er plassert midt i Naustdal kommune og har status som regionalt friluftsområde. Sanden er alt ein viktig kulturarena i kommunen og vi ser føre oss forgreiningar herifrå, eit nett av løyper i heile kommunen med ulike tema der vi kan leggje til rette for oppleving av og læring om nær og fjern historie som har sett merke i Naustdal. Friluftsliv, kultur og kunst som forsterkar naturinntrykka og vice versa.

### Lyspunktå våre

I samband med Stadanalyse Tusenårsstaden Sanden (Nordplan, 2012) vart rollefordeling mellom aktivitetsområda i Naustdal sentrum skildra (sak 37/12):

«Friluftsområdet Sanden og dei næraste områda sør for fv. 611 må sjåast i samanheng med andre aktivitetsområde i Naustdal sentrum: Øyra/Løken nærmiljøanlegg og området kring Naustdal barne- og ungdomsskule med idrettshallen og –bana.

Sanden er eit regionalt område som skal vere tilgjengeleg for alle. Saman med Kommuneparken og båthamna er dette Naustdal sin fjordfront, eit område der Naustdal kommune presenterer seg og livet ved fjorden: bading, båtliv og fiske.

Den samla plasseringa av Naustdal barne- og ungdomsskule, idrettshallen, idrettsbana og barnehagane i sentrum gjer dette til eit tyngdepunkt for organisert aktivitet. Her er det tilrettelagt for ballsport utandørs, ballsport, friidrett, vektlyfting m.m. innandørs, og det vert arbeidd for tilrettelegging for friidrett utandørs.


**Øyra Løken nærmiljøanlegg** er under utvikling og vil bli eit område for uorganisert fysisk aktivitet for ungdom frå heile byggefeltet (og sentrum).»

Ambassade for Kjartanistan er eit viktig utviklingsarbeid i Naustdal. Kommunen jobbar for å gjere kunst til ein meir aktiv del av kvardagen, og vil gjere viktige kvardagsarenaer som skule og barnehage til leikande kunstlandskap, med Kjartanistan som rammeverk og invitasjon til innleving og medskaping i eige samfunn/liv.

I 2013 starta Naustdal kommune rehabilitering av **Naustdal barne- og ungdomsskule** (NBU) og **Lunden barnehage**. Naustdal kommune samarbeider med sivilarkitekt Bjørn-Are Vollstad, han er invitert inn i prosessane, som praktisk utprøving av rolla undring kan/bør ha i utviklingsarbeid. Dei foreløpige resultatå av desse utprøvingane ligg vedlagt som samanhengande, men sjølvstendige prosjekt: Undrelunden barnehage og NBUndring.

I samband med utviding av Lunden barnehage samarbeider Naustdal kommune med Statens vegvesen om å legge om trafikksituasjonen i kryss og til/frå busstopp. Innbyggjarane sin bruk av **undergang under Rv 5** (mellom gamle Naustdal og Lunden barnehage) må aukast. Kan undergangen bli ein undregang?





**Hovedarenaer:**  
 Lunden barnehage m. undergang  
 Rv 5  
 Naustdal barne- og ungdomsskule  
 Tusenårsstaden Sanden  
 Øyra Løken Nærmiljøanlegg

**Bruer:**  
 Gamle Naustdal bru  
 Berrelvbrua  
 Nye Naustdal bru

**Andre utviklingsareal:**  
 Frisksenter  
 Kommuneparken  
 Naustdal alders- og sjukeheim

Bananøya i **Tusenårsstaden Sanden** er eit sentralt punkt i Naustdal sentrum. Øya er utan lyssetjing, noko som avgrensar bruk delar av året og kan gje redusert tryggleik nær fjorden. Skulpturane «Budeie med Kjartanrosen» og «Kyra» skal også lyssetjast i eit fellesprosjekt.

**Berrelvbrua, gamle Naustdal bru og nye Naustdal bru** bind saman sentrum som er delt av elvene Nausta og Berrelva. Berrelvbrua og gamle Naustdal bru er begge kring 100 år, og omgitt av historier frå gamal og nyare tid. Nyebrua er eit farleg punkt i Naustdal sentrum. Rapport etter kartlegginga *Sentrumsnære turveg* (Asplan Viak, 2013) framhevar kryss og manglande lyssetjing ved brua.

I tillegg til dette opnar **andre utviklingsprosjekt** i Naustdal sentrum for fleire og nye koplingar:

- I Kommuneparken vert det bygd ny daglegvarebutikk, med gras på taket.
  - På areal mellom Rv 5 og Coop Marked vert det planlagt utbygging av frisksenter.
  - Naustdal alders- og sjukeheim utvidar og endrar uteområdet, sansehage er lagt inn i planane.
- Vil desse prosjekta gje oss nye lyspunkt i Naustdal sentrum?

### Prosjektmål

Vi skal:

- gjere innbyggjarane medvitne om kommunen vår sine kvalitetar, og slik skape framtidstru og leggje til rette for ei positiv utvikling.
- skape samanhengar mellom uterom
- gje oppleving
- bidra til tryggleik

### Samarbeid og medverknad

Lyspunkta må inspirere og kjennast naudsynt for dei involverte. Alle lyspunkta er på offentleg grunn og innbyggjarane passerer fleire nesten dagleg, lyssetjing av punkta bør prosjekterast i samspel med frivilliglivet.

Lag/organisasjonar er sentrale samarbeidspartnarar for Naustdal kommune. Det frivillige kulturlivet er grunnfjellet i kulturbygda Naustdal, og aktiviteten spenner frå det tradisjonelle til det eksperimentelle.

Aktørar som Sandens Venner, barn, unge og tilsette i skule og barnehage, Kunst på tvers, Naustdal Sogelag, styret i Øyra Løken nærmiljøanlegg og Naustdal Pensjonistlag er aktuelle samarbeidspartnarar.

Det er også naturleg å involvere næringsaktørane Coop, Naustdal bensin og service, Atle Helle as m.fl. som har interesser direkte knytt til areal med lyspunkt.

### Gjennomføring og økonomi

Fase 1 – skildring av bruk og behov i samspel med frivilligliv og næringsliv

- Særpreg og utfordringar i dagens situasjon
- Kva skal løysast?
- Kva skal forteljast om?
- Kva skal opplevast?

Fase 2 – teikning og berekning

- Visualisering av lyspunkta
- Detaljplanlegging løysingar

Fase 3 – utprøving og utføring 1:1

- Gjennomføring av planlagde løysingar. Om det syner seg mogeleg i prosjekteringa vil fase 3 resultere i varig, synleggjorde lyspunkt.

### Framdrift

Haust 2015 – fase 1: skildring av bruk og behov.

Vinter 2015/2016 – Fase 2: teikning og berekning.

Vår 2016 – Fase 3: utprøving og utføring.

### Kostnader

Koordinering / gjennomføring	100.000
Konsulent lys/design	100.000
Innkjøp lyskjelder	200.000
	<b>400.000</b>

### Finansiering

Eigenandel Naustdal kommune	100.000
Søknadssum Tettstadforming	300.000
	<b>400.000</b>

Merknad:

Tettstadformingsmidlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er avgjerande for gjennomføring av projektet. Gjennomføring vil vere nær knytt til andre prosjekt som er delfinansiert av tilskotsmidlar:

- Ambassade for Kjartanistan. Uteområder Lunden barnehage og Naustdal barne- og ungdomsskule: 1,5 millionar Norsk kulturråd, 100.000 Kulturutviklingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Kommunedelplan for kulturminner, kulturløyper: 100.000,- Riksantikvaren, 50.000 Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Naustdal kommune bidreg med eigeninnsats og egenkapital i begge prosjekta.

### Lokal forankring

- *Urbane rykter*, innspel til kommunedelplan for Naustdal sentrum, Nordplan 2008
- *Kommunedelplan for Naustdal sentrum 2010-2021*
- *Stadanalyse Sanden*, rapport Nordplan 2012 og Kommunestyre-sak 37/12.
- *Kommunedelplan for kultur 2012-2015 – med fokus på samtidskunst og næring* inneheld mål om å realisere Ambassade for Kjartanistan innan 2017, utvikling av kulturløyper, og gjennomføring av tiltak i Stadanalyse Sanden.
- *Sentrumsnære turvegar*, rapport Asplan viak 2013
- Naustdal er folkehelsekommune. Handlingsprogrammet for 2015 slår fast at vi skal skape gode vilkår for helse og trivsel, samt vere pro-aktiv i høve tidleg innsats og førebyggjande arbeid.
- *Kommunedelplan for kulturminner 2015-2027*, planarbeid 2015

### Vedlegg

- Ideskisser potensiale, Lyspunkt i Naustdal sentrum
- Prosjektskildring Ambassade for Kjartanistan i Naustdal

